



Austevoll kommune  
Kommunehuset  
5392 STOREBØ

Dato: 03.05.2023  
Vår ref: 23/01716-3  
Deres ref:

## Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel for Austevoll kommune

**POST- OG BESØKSADRESSE**  
Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00  
**E-POST** post@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**VALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 9. mars 2023.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å legge til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndighet eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekommstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

### Om planen

Austevoll kommune har lagt forslag av kommuneplanen sin arealdel ut til offentleg ettersyn. Arealdelen skal legge opp til vidareutvikling av Austevoll på ein måte som fremjar sosial berekraft, identitet og tilhøyrslle. Kommunen har arbeida med revideringa av planen sidan 2015. Planarbeidet er gjennomført i tråd med planprogrammet som vart vedteken i 2018.

### Fråsegn frå DMF

DMF kan ikkje sjå å ha motteke varsel om oppstart eller høyring av planprogram, og har derfor ikkje hatt moglegheit for å gje fråsegn tidlegare i planprosessen. Vi ser av det vedtekne planprogrammet at mineralressursar og råstoffutvinning ikkje er nemnd. Planen som no er på høyring har likevel teke hand om råstoffutvinning, og DMF vil gje nokre innspel knytt til masseuttak og mineralressursgrunnlaget i kommunen før øvrig.

### Råstoffutvinning

Det er i gjeldande arealdel ingen område sett av til råstoffutvinning. Arealstrategien legg fram at det er behov for å sette av områder til råstoffutvinning og massedeponi. Kommunen har eit masseuttak som ligg innanfor reguleringsplan Salthella, regulert til næringsformål. I arealdelen er dette området og sett av til næringsformål. I følgje



rettleiaren *Kommuneplanens arealdel*<sup>1</sup> tillatast ikkje uttak i områder utanfor område avsett til råstoffutvinning. Der det skal drivast masseuttak i planperioden bør arealet bli sett av til råstoffutvinning i arealdelen, slik at formålet samsvarar med den faktiske arealbruken. Uttaket er ikkje registrert i DMF sitt uttaksregister. Vi har derfor ikkje oversikt over driftsstatus eller omfang av uttaket. Vi vil minne om uttak over 500 m<sup>3</sup> er meldepliktig, og uttak over 10 000 m<sup>3</sup> krev driftskonsesjon etter minerallova.

I ny arealdel blir det sett av eit nytt område for råstoffutvinning ved Nordre Vik. DMF ga fråsegn til oppstart av reguleringsplanen for dette området, 20.07.2021, der vi informerte om konsesjonsplikt etter minerallova og oppmoda om å regulere til formålet råstoffutvinning framfor næring. Kommuneplanen viser med ny arealbruk kva for verksemد som vil gå føre i området i planperioden.

Det bør leggast inn eit eige avsnitt om råstoffutvinning i planskildringa, der det blir gjort greie for kommunen sitt behov for byggeråstoff. Det kan her visast til DMF sin levetidsanalyse for byggeråstoff<sup>2</sup>, som viser at Austevoll kommune har 0 år forventa levetid for både pukk og lausmassar. Det at kommunen no vel å legge til rette for tilgang på byggeråstoff lokalt, vil òg vere eit godt tiltak sett i lys av eit klima- og miljøperspektiv, ettersom kommunen blir meir sjølvforsynt på massar til bygge- og anleggsverksemd.

#### **Fagleg råd til føresegner og plankart**

Vi ser at det ikkje er knytt eigne føresegner for formålet råstoffutvinning, men at det under § 2-5 Næringsbygg (1300), er nemnd at arealet ved område (6) Vik, kan bli nytta til råstoffutvinning, jordtipp og mellombels massedeponi, med krav om detaljregulering. DMF er av den oppfatning at det er noko misvisande at formålet er tilknytt føresegn for næringsbygg, ettersom området er lagt inn i plankartet som råstoffutvinning (1200). Det er DMF sitt **faglege råd** at føresegn § 2-5 (6) blir utforma som ei eiga føresegn for råstoffutvinning.

Under § 1-2 Plankrav, er det òg stilt krav til godkjent reguleringsplan i utbyggingsområde før gjennomføring av tiltak etter pbl. § 20-1. DMF legg til grunn at *utbyggingsområde* omfattar arealformål etter plan- og bygningslova § 11-7, punkt 1, kor råstoffutvinning inngår. DMF ser i tillegg på masseuttak som tiltak etter a) anlegg eller k) vesentlig terrenghinngrep. Kommunen vil derfor etter DMF si vurdering kunne krevje reguleringsplan for masseuttak, både innanfor og utanfor område avsett til råstoffutvinning.

#### **Konsekvensutgreiing**

DMF kan ikkje sjå at mineralressursar er lagt inn som utgreiingstema i konsekvensutgreiinga, eller at det er nemnd under temaet naturressursar. Austevoll kommune har ein registrert pukkførekost i NGU sin *grus- og pukkdatabasen*<sup>3</sup> og tjue registrerte mineralførekostar i NGU sin *mineralressursdatabasen*<sup>4</sup> som enten er av

---

<sup>1</sup> Rettleiing kommuneplanens arealdel:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/135bf8fa9f264d7b86700a7711863578/no/pdfs/h-2481-b-kommuneplanens-arealdel.pdf>

<sup>2</sup> DMF levetidskart: <https://dirmin.no/tema/ressursforvaltning/levetidskart-byggerastoff>

<sup>3</sup> Grus og pukkdatabasen, (NGU): <https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/grus-og-pukk/a26e57bc-15bd-46db-8504-6c6ed1e7c501>



mindre betydning eller ikkje verdivurdert av Noregs geologiske undersøking (NGU). I arbeidet med arealdelen må kommunen identifisere vesentlege verknader av forslag til endra arealbruk på viktige mineralressursar, jf. *Forskrift om konsekvensutredninger* § 21. Det er viktig at kommunen tek med i vurderinga at ressursar som ikkje har fått ei verdivurdering eller ikkje er vurdert som viktige i dagens situasjon, kan bli viktigare i framtida. Dei registrerte førekostane må dermed bli lagt til grunn i konsekvensutgreiinga under tema om mineralressursar. Dersom kommunen går inn for arealbruk som legg beslag på område med mineralressursar, bør kommunen i tillegg vurdere om det finnast relevante avbøtande tiltak.

I dette arbeidet må *grus- og pukkdatasbasen* og *mineralressursdatabasen* fra NGU, bli lagt til grunn for utgreiing av arealinnspeil. Datasett med førekostane kan lastast ned frå GeoNorge sin kartkatalog<sup>5</sup>. NGU sine datasett distribuerast og som WMS-tjenester, og kan leggast direkte inn i kommunen si eiga kartløysning.

#### **Fagleg råd til konsekvensutgreiing**

Det er lagt inn 326 endringsforslag i konsekvensutgreiinga. DMF har ikkje gjennomgått alle endringsforsлага. Alle nye område som kjem i nærleiken av, eller som rører ved, mineralske førekoststar, prospekter eller masseuttak, bør vurderast om dei gjer ressursane utilgjengelege for framtida. Det er dermed DMF sitt **faglege råd** at mineralressursar blir lagt inn som tema i konsekvensutgreiinga. Dersom denne vurderinga ikkje blir gjort, kan det føre til at ny arealbruk gjer viktige mineralressursar utilgjengelege. For masseuttak spesielt bør kommunen også vurdere om endra arealbruk rører ved potensielle utvidingsområde.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du også vårt digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonssjef

Karoline Walsøe Egholm  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.  
Sakshandsamar: Karoline Walsøe Egholm*

<sup>4</sup> Mineralressursdatabasen (NGU):

<https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/mineralressurser-industrimineral-naturstein-og-metaller/5a887d78-07ef-44c6-8941-cb8017c6328c>

<sup>5</sup> GeoNorges kartkatalog: <https://kartkatalog.geonorge.no/>



Mottakarar:

Austevoll kommune

Kommunehuset

5392 STOREBØ

Kopi til: